



ÅRSPLAN

INFORMASJONSHEFTE

2021 - 2022

Undheim barnehage, Sælandsvegen 21, 4342 Undheim

e-post: undheim.barnehage@time-kyrkja.no

heimeside: www.undheim.barnehageside.no

INNHALD:

VELKOMNE, eigar og kontakt informasjon s. 1

ÅRSPLAN

Visjon og formål og verdigrunnlag	s. 2
Omsorg, danning og leik	s. 3
Leik, læring, vennskap og fellesskap	s. 4
Trygghetssirkelen	s. 5
Barne medverknad og Foreldre medverknad	s. 6
Planlegging, vurdering og dokumentasjon	s. 7
Faste aktivitetar og opplegg	s. 8
Rammeplanen sine 7 fagområder og årets fokusområde	s. 9
Årskalender	s. 10
Styringsorgan og samarbeidspartnarar	s. 11
Kompetanseplan, planleggingsdagane, ny i bhg, interne overgangar	s. 12
Overgang frå bhg til skule	s. 13
Årshjul for overgang barnehage- skule i Undheim skule	s. 14

INFORMASJONSDEL

Oversikt over barna og personalet, primærkontakt	s 15
Dagsrytmen	s 16
Fadderbarna våre, vanskelege dagar, boka mi	s 17
Praktiske opplysningar	s 18

VELKOMNE TIL UNDHEIM BARNEHAGE !

Eit nytt barnehageår ligg framføre oss ! Vi gler oss !
Vi håpar de alle vil få eit godt år i barnehagen vår !
Nye opplevingar, erfaringar og utfordringar, for små og store!

Årsplanen har fleire funksjonar:

- den er eit arbeidsredskap for personalet
- den gir nyttig informasjon til de som foreldre
- den gir grunnlag for kommunalt tilsyn med barnehagen
- den gir informasjon om det pedagogiske arbeidet til :
eigar, kommune, politikarar, samarbeidspartnarar og andre interesserte

Eigar:

Undheim barnehage er ein privat barnehage som åpna i august 1987
i kjellaren på Undheim samfunnhus.

I april 2009 stod dette nye bygget ferdig, og blå avd vart åpna i nov 2014.

Time kyrkjelege fellesråd eig og driv barnehagen etter særlege formål .
Det inneber at vi ivaretek den kristne kulturarven gjennom bibelforteljingar ,
sanger og ulike aktivitetar både i høgtidene og eller i året.

Barnehagen har eit flott eige turområde rett utforbi gjerdet; Bjønholen.
Vi har også godt samarbeid med idrettslaget, får låna ~~hallane~~ hallane til gym og leik .
Undheim stadion og ballbingen ligg også like i nærheten.

Tlf kontor: 930 45 787

tlf blå avd : 930 38 797

tlf gul avd: 930 36 847

tlf rød avd: 930 49 330

tlf grøn avd: 930 36 557

Undheim juni 2021
Mvh Rut Moi Lunde / styrar

ÅRSPLAN

VISJON OG MÅL FOR DET PEDAGOGISKE ARBEIDET

Visjon for Undheim barnehage:

ROM FOR ALLE, BLIKK FOR DEN ENKELTE

Vår kvardag er prega av:

Trygghet og trivsel, omtanke og respekt for kvarandre.

Omsorg, fellesskap, leik og læring.

BARNEHAGEN SITT FORMÅL OG VERDIGRUNNLAG

Barnehagen byggjer på verdiane til den norske kyrkja, og har utvida kristen føremålsparagraf. Kvart menneske er skapt unik og er viktig for fellesskapet. Barnehagen skal drivast etter barnehagelova og rammeplanen og andre internasjonale konvensjonar som Norge har slutta seg til. Samfunnsmandatet vårt er i samarbeid og forståing med heimen, å ivareta barnet sitt behov for omsorg og leik, og fremja læring og danning.

Barndommen har si eigen verdi. Barna vert påverka av menneske og miljøet rundt seg, og barna påverkar også miljøet rundt seg. Barna skal møtast med respekt og empati. Vi skal bidra til at barna , i fellesskap med dei andre, utviklar eit positivt forhold til seg sjøl og tru på egne evner.

Barnehagen skal fremja **demokrati** og vera eit inkluderande fellesskap .Vi skal læra barna å ha **respekt for menneskeverdet**. Barnehagen skal fremja **likeverd og likestilling**, kor alle skal ha like sjansar til å verta sett og høyrde. Barna si **fysiske og psykiske helse** skal fremjast i barnehagen. Barna skal oppleva **livsglede** og **livsmestring** i kvardagen. Dersom barn opplevar å verta krenka, skal barnehagen stoppa det, og fylgja det opp. Barnehagen skal vera ein arena for dagleg fysisk aktivitet. Barna skal også få oppleva ro, kvile og avslapping i løpet av dagen. Gode og sunne måltid , skal hjelpa barna å utvikla sunne helsevanar.

OMSORG, DANNING, LEIK, LÆRING, VENNSKAP OG FELLESSKAP.


Omsorg skal alle barna få. Alle skal på oppleva å verta sett, forstått og respektert. Å få den hjelp og støtte dei har behov for, gjennom heile dagen, i alle situasjonar. Vi vaksne skal sjå kvart enkelt barn, vera nære, tydelege og varme. Vi skal ha innleving og evne og vilje til godt samspel / god relasjon med barna.

Danning er ein prosess der vi vaksne leiar og rettleiar den neste generasjonen. Barnehagen skal fremja samhold og solidaritet, samtidig ta vare på kvart enkelt barn sitt uttrykk. Vi skal hjelpa barna til å forstå at felles verdiar og normer er viktige for fellesskapet. Vi skal støtte barna sin aktivitet, engasjement og deltaking i gruppa.

Leiken har ein sentral plass i barnehagen, fordi den er førskulebarna sin viktigaste aktivitet !

Å få delta i leiken og å ha venner, er grunnlaget for tryggheten og trivselen her! Barnehagen skal inspirera til og gje rom for ulik leik både inne og ute. Det er vi vaksne som har ansvaret for å skape eit godt og inkluderande leikemiljø for alle barna ! Vi skal leggja til rette for god leik, støtta og delta i den. Vi skal rettleia barna dersom leiken fører til uheldige samspelsmønster. Vi har ein eigen **Handlingsplan mot mobbing**. Den ligg på heimesida, og vert delt ut ved førespørsmål.

Lekesolen



Når du henter i barnehagen og spør barnet ditt hva det har gjort, svarer det ofte: «Jeg har bare lekt». Men det faktisk barnet ditt har gjort mens det har lekt er....

(Fritt etter Kari Pape 2013)

Læring føregår i det daglege samspelet med andre, og er nært knytta til leik og omsorg. Barna skal få oppleve eit stimulerande miljø som støttar lysta til å leika, utforska, læra og meistra.

Barna skal få bruka heile kroppen og alle sansane i læringsprosessane sine.

Vi skal støtta barna sine initiativ, undring, nysgjerrighet, kreativitet og tru på egne evner. Vi skal gje dei varierte opplevingar og erfaringar og mestringsopplevingar.

Vi skal utvida barna sine erfaringar og sørgja for progresjon og utvikling i læringa i barnehagen.

Leik og læring går hand i hand. Barna lærer med heile seg.



Vennskap og fellesskap er viktig for alle barn.

Alle barn skal oppleve å vera i positivt samspel og leik med andre barn.

Barna skal få hjelp til å utvikla god sjølvkjensle. Dei skal også få hjelp til å mestra balansen mellom å dekkja sine egne behov, og ta omsyn til andre sine behov.

Vi skal støtta kvart enkelt barn, læra det å halda på venner, støtta det i å ta andre sitt perspektiv. Vi skal hjelpe barna i å setja egne grenser, respektera andre sine grenser og finna gode løysingar i konfliktsituasjonar.

Vi skal stoppa begynnande mobbe-adferd, som utestenging, erting, krenkingar.


Trygghetssirkelen

Trygghetssirkelen byggjar på mange års forskning om tilknytning og viser oss korleis dei grunnleggjande behova heng saman.

Trygghetssirkelen viser oss den normale sirkelen barnet beveger seg på heile tida. Barnet har behov for å veta at den vaksne er der, både når det treng beskyttelse, trøst, godhet, hjelp til å organisera følelsane eller når det treng støtte, pass på meg, hjelp. Då kan barnet koma og få påfyll / lading for så å bevega seg ut i verda igjen.

Trygghetssirkelen

Foreldre med fokus på barnets behov



Når eit barn begynnar i barnehagen, vert det ein stor overgang frå trygge tilknytningskontaktar / foreldre til nye vaksne i barnehagen. Nå er det barnehagen og primærkontakten som skal etablera ein god og trygg base og havn for barnet. Barnet skal in i ein annan kvardag, verta kjende med nye vaksne og barn. Vi har fått innføring i trygghetssirkelen og brukar denne modellen i arbeidet vårt kvar dag.

BARNE MEDVERKNAD

Barn har rett til medverknad tilpassa barnet sin alder og føresetnad. (Bhg lova §1)

MÅL: Barn har rett til å uttrykkja seg , og påverka alle sider ved sitt liv i barnehagen. Dei skal oppleve mestring i eiga utvikling. Dei skal vera ein del av ei gruppe der dei opplever trivsel, og det å høyra til.

Vi skal : møte barna der dei er - vi skal vera lydhøyre overfor deira uttrykk, både språkleg og kroppslig og ta dei på alvor, men passa på at dei ikkje får meir ansvar enn dei klarar - leggja til rette for aktivitetar, leikar og materiale som fremjar skaparglede - skapa rom i kvardagen for leik, glede og humor - gje kvart barn tid og rom til å meddela seg - når barna kjem med innspel og ønskjer, skal vi ta desse med i planane våre, derfor må planane vera litt åpne og fleksible slik at det vert rom for medverknad - vi skal gje kvart barn medbestemming gjennom dagleg god kontakt og relasjon mellom personal og barn - her og nå samtalar - jevnelege observasjonar - barnesamtalar om korleis barnet har det i barnehagen - barnemøter der barna er med og samtalar om tema som handlar om fellesskap, om vennskap , korleis vi vil ha det ilag

FORELDRE MEDVERKNAD

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremja læring og danning (Bhg lova §1)

MÅL: Barnehagen skal gje barna gode utviklings- og aktivitetsmuligheter i nær forståing og samarbeid med heimen.

Det er foreldra som har hovedansvaret for barneoppseiinga.

Foreldra har rett til medverknad og barnehagen skal samarbeida nært og i forståing med foreldra, alltid til barna sitt beste.

Foreldra og barnehagen har eit felles ansvar for trivselen og utviklinga til barna.

Ha eit åpe og godt samarbeid / god dialog som byggjer på gjensidig åpenhet og tillit.

Foreldra skal vera trygge på at barna deira vert sett og respektert.

Barnehagen skal gje god info ved oppstart og tilvenning - vi skal vera tilgjengelege og ha god kontakt når de leverer / hentar - ta imot / gje beskjed - gje ut plan med nyttig info kvar månad - henge opp aktuell info på tavla i garderoben - tilby foreldresamtalar haust og vår, kor vi avtalar og gjennomgår måla for kvart barn, arrangera foreldremøter, foreldrekaffi, andre foreldre-aktivitetar.

Foreldra skal sikrast medverknad gjennom brukarundersøking, delta i foreldrerådet og i samarbeidsutvalet.

Dokumentasjon på barn og foreldra si medverknad, ligg i :
barnemappene, HMS-perm og saksmappene til ulike møter og utval.

PLANLEGGING, VURDERING OG DOKUMENTASJON

Barnehagen er ein pedagogisk virksomhet som skal planleggja, vurdere og dokumentera arbeidet sitt.

Barn og foreldre har rett til å medverka i desse prosessane.

Vi arbeidar som ein lærande organisasjon og med barnehagebasert kompetanseutvikling.

Planlegging

Vi planlegg det pedagogiske arbeidet vårt, utifrå rammeplanen, kunnskapen om barna sine behov for omsorg, leik og læring, og progresjon , på observasjonar, på systematisk vurdering og samtalar med barn og foreldre.

Vi har ein del faste møter til dette: leiarmøter - avdelings/gruppemøter - personalmøter - møter med foreldrerådet - samarbeidsmøter -prosjekt møter mm....

Vurdering

Vi vurderar jevnleg det pedagogiske arbeidet vårt på ulike møter og plan.l.dagane.

Vi har 2 gode verktøy vi brukar til dette: kvalitetskrysset og læringssirkelen.

Kvalitetskrysset:

Læringssirkelen

Kva fungerte bra?

Kvifor?

Refleksjon



Handling

Kva kan verte bedre ?

Korleis ?

Dokumentasjon

Vi dokumenterer i form av oppslag på avdelingane og på heimesida.

Vi ønskjer å synleggjera kva barna opplever , er med på og lærer i barnehagen.

Årsplanen vert lagt ut på heimesida/delt ut til personalet, og foreldra som ønskjer dt

Månadsplanar vert sendt på mail ut til foreldra /personalet, og lagt ut på heimesida.

Dagsplanar, vekeplanar og andre planar ved ulike aktivitetar / arrangement,

vert sendt på mail / hengt opp / lagt ut på heimesida ved behov.

Dei yngste barna har kommunikasjonsbok kor både personal og foreldre skriv i.

Handlingsplan mot mobbing, ligg på heimesida, og vert delt ut ved førespørsel.

Referat frå foreldresamtalar, barneobservasjonar, barnesamtalar mm ligg nedlåst i barnemappene, de foreldre har innsynsrett til egne barn sine mapper.

Ellers vert det pedagogiske arbeidet lagt i saksmappene til ulike møter og utval og i HMS permene.

FASTE AKTIVITETAR OG OPPLEGG

Vi planlegg for grønt nivå til neste år, og reknar med at det mesta blir normalisert igjen, at vi kan ha felles arrangement igjen.

Turgrupper

Kvar veke går vi turar i nærmiljøet i dei ulike gruppene, av og til reiser vi lenger.

Storsamling

Vi har 2 storsamlingar pr halvår.
Her har vi fokus på glede, drama, sang og musikk !

~~Idrettshallen.~~

Kvart år få vi låne ~~idrettshallen~~ **idrettshall og boblehall** fleire dagar i veka, og går med ulike grupper til gym/leik.



FN KAFE / LOPPEMARKED

Vi arrangerer kafe / loppemarked i forbindelse med FN dagen 24.okt .
Vi bakar og sel kaffi, kaker og bollar. Pengane vi får inn, går til våre 2 fadderbarn gjennom Strømmestiftelsen.

Ta ein trall .

Vi reiser til Garborgsenteret på Bryne i januar med dei eldste, i forbindelse med feiring av Arne Garborg sin fødselsdag 25.jan.

Barnehagendagen i mars 2022

Dette er ein dag alle barnehagane i heile landet er med på.
Vi deltek på felles arrangementet for dei eldste på Bryne, og har ulike aktivitetar for dei andre barna her i barnehagen.

Todlerdagen i mai 2022

I mai kvart år er reiser vi til Jærbarnehagen og er med på todlerdag for alle todlarane, det er dei eldste småbarna.

RAMMEPLANEN SINE 7 FAGOMRÅDER

Kommunikasjon, språk og tekst :

Verta kjende med sangar, rim og reglar, bøker, bilete og media m.m - utvikle begrepsforståing og eit variert ordforråd - lytte til lyder og rytme i språket, verta kjende med symbol som bokstavar, bruke språket aktivt i leik og samhandling med andre.

Kropp, rørsle , mat og helse.

Utvikle kroppskontroll, grov og finmotorikk og rytme, oppleve kroppsleg meistring, få gode erfaringar med friluftsliv og uteliv til ulike årstider, utvikle glede ved å bruke naturen, og forståing av å ta vare på den. Få kunnskap om gode vanar og sunt kosthald.

Kunst, kultur og kreativitet:

Omfattar: musikk, dans og drama, biletkunst, kunst m.m, få oppleve og møte dette via å lytte, iaktta og uttrykkje seg sjølv, få ta i bruk fantasi, kreativ tenking og skaparglede.

Natur, miljø og teknologi :

Få kjennskap til planter, dyr, årstider og ver, få oppleve naturen og mangfaldet i den, få innsikt i miljøvern og samspelet i naturen, få erfare korleis teknikk kan brukas i leiken og kvardagen.

Etikk, religion og filosofi:

Få kjennskap til samfunnet sine normer og verdiar, utvikle toleranse og respekt og interesse for kvarandre sin religiøse og kulturelle bakgrunn. Formidle kristne høgtider og tradisjonar.

Nærmiljø og samfunn:

Få kunnskap om nærmiljøet, utforske og oppdage det: natur, kultur, kunst og tradisjonar, verta kjende med nokre historiske endringar i lokalmiljø og samfunn, verta kjende med at samane er utfolket i Norge, og litt av den samiske kulturen.

Mengd, rom og form:

Oppleve glede over å utforske og leike med tal og former, utforske mønster og ulike type storleik, sortere og samanlikne, tileigna seg gode matematiske begrep.

Vi har laga ein Progresjonsplan for desse 7 fagområda , den ligg på heimesida.

Vi er med i kommunen sine fokusområder: **BARNES TRIVSEL**



I arbeidet med Barns trivsel har vi fokus på inkluderande barnehagemiljø

Vi brukar div matr/bøker:

«Grøne tankar - glade barn»

Steg for Steg og Vennebøkene,
Gleding bøkene av Siri Abrahamsen
Hjerteprogrammet

Desse opplegga fremjar god trivsel,
felleskap og vennskap.

ÅRSKALENDER for 2021-2022

August	Oppstart av nytt barnehageår 15.aug Planleggingsdag 16.aug, bhg er stengt. Frå tysdag 17.aug: Oppstart og tilvenning for gamle og nye barn Bli -kjent-samtale for nye barn
September	Eg og familien Foreldremøte i bhg tysdag 21.sept kl 19.30 Brannverndagar og intern brannøving Vi deltek på hausttakkegudstenesta i Undheim kyrkje søndag 3.okt?
Oktober	Skulen sin haustferie veke 41 (11.-15.okt) Eg / du / vi 24.okt / FN dagen / FN kafe /loppemarked Foreldresamtalar
November	Eg / du / vi Foreldresamtalar Planleggingsdag fredag 13.nov
Desember	Advent og jul Julevandring i kyrkja for 4 og 5 åringane Lucia og jule opptrinn Nissefest 24.des og 31.des er bhg stengt
Januar	Planlegg.dag månd 3.jan, oppstart etter nyttår er tysd 4.jan Eventyr «Ta ein trall»: dei eldste er med på feiringa av Arne Garborg sin fødselsdag, i Garborgsenteret / Bryne
Februar	Samefolkets dag 6.febr (dei eldste) Eventyr «Eventyrkarneval» Foreldremøte Planl.dag torsdag 24.febr
Mars	Skulen sin vinterferie v 9 (28.febr-4.mars) Barnehagedagen Foreldresamtalar Vår og påske
April	Foreldresamtalar Påskeferie/stengt : fom onsdag 13.april tom måndag 18.april Førstehjelp / brannvern + øving Skulebesøk til 1.klasse for dei eldste
Mai	Skulebesøk til 1.klasse Fadder besøk av 5.klasse og til 5.klasse Rydde, vaske og planteday 17.mai feiring fred 13.mai Kristi himmelfartsdag 26.mai og planleggingsdag månd 16.mai
Juni	Pinse Insekt / krypdyr / fuglar Besøksdagar for nye barn Sommarfest med foreldre,søsken, besteforeldre
Juli	Sommar og ferietid Vi har sommar stengt i v 28, 29 og 30.

STYRINGSORGAN

Foreldrerådet: Det er alle foreldre/føresette i barnehagen. De har innsyn- og uttalerett i saker som er viktige for foreldre og barn i barnehagen.

Foreldrearbeidsutvalet = FAU, består av 4 foreldrerepr valt på 1. foreldremøte i sept. og utgjør eit arbeidsutval / Fau for alle foreldra i barnehagen. FAU skal fremja felles interessene til foreldra, og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø.

SU = Samarbeidsutvalet: er eit rådgjevande og samordnande organ i barnehagen. Består av 2 repr frå foreldre, 2 repr frå tilsette og 1 repr frå eigar. SU skal fastsetja årsplanen, koma med innspel til budsjett/økonomi, og andre viktige saker som omhandlar drift / endringar mm. Styrar kallar inn til møtene i utvalet, i samråd med SU sin leiar.

SAMARBEIDSPARTNARAR

Barnehagen samarbeidar aller mest og nærast med foreldra.

Men også med andre tenester, råd og utval for å gje eit best mogleg tilbod til alle barn og foreldre. Tverrfagleg tenking er sentralt i dette samarbeidet.

Vi samarbeidar med :

Time kyrkjelege fellesråd / Kyrkjekontor: eigar av barnehagen

Time kommune / Oppvekst / Økonomi m.m

Undheim skule : om overgang bhg-skule - sjå eigen plan

Undheim helsestasjon: v/ helsesystem

Undheim idrettslag : nær nabo - vi får låne begge hallane til leik / akt for barna !!

Coop Prix Undheim, Undheim kyrkje og Undheim samfunnshus.

PPT = Pedagogisk psykologisk teneste Dei kjem til faste møter i barnehagen for å gje råd og veiledning. Det kan vera spørsmål som gjeld alle, deler av barnegruppa eller enkelt barn. Før enkelt barn vert drøfta, skal samtykke frå foreldre innhentast.

Tiltaksteam. Tverrfagleg team samansett av helsesystem, 1 repr frå PPT, 1 repr frå barnevernet og styrar/ped.leiar. Teamet har 4 møter i året sjå eiga brosjyre på tavla i garderoben.

Barnevernet i Time

Familiesenteret i Time

KOMPETANSEPLAN

Vi fylgjer kommunen sin kompetanseplan for barnehageåret 2021 - 2022.

Vi deltek på felles planleggingsdagar og møter/minikurs , med fokus på Barns trivsel og inkluderande barnehagemiljø.

PLANLEGGINGSDAGANE 2021-2022.

Månd 16.aug - Fred 12.nov - Månd 3.januar - Torsd 24.februar - Månd 16.mai

Desse 5 dagane er barnehagen stengt, og reknast som 1 ferieveke for barna

Når barnet begynner i barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggja tilrette for at barnet skal få ein trygg og god start i barnehagen. Vi skal tilpassa rutinar og organisera tid og rom slik at barnet får tid til å verta kjent, etablera gode relasjonar til personalet og dei andre barna.

Vi inviterer til besøksdagar i juni/aug før oppstart - foreldremøte for nye foreldre i juni - nok tid og ro i tilvenningsperioden , alle får eige infobrev om dette.



Intern overgang i barnehagen.

Barna vert større og flyttar frå ei småbarns-avdeling over til ei ny stor avdeling.

Heile våren går barna jevnleg på besøk til den nye avdelinga for å bli kjent med og begynna å etablera gode relasjonar til personalet og dei andre barna.

Vi har overføringsmøter frå gammal ped.leiar til ny ped.leiar.

Overgang frå ein barnehage til ein annan barnehage.

Det hendar at barn og familiar flytter og barnet skal begynne i ny barnehage.

Då sikrar vi den overgangen med besøk og overføringsmøter frå gammal til ny barnehage, i samarbeid med foreldre og den nye barnehagen.

Kommunen har eigen plan for overgangsarbeidet som vi fylgjer.

OVERGANG FRÅ BARNEHAGE TIL SKULE.

5 åringane er eldst i barnehagen og fleire har gått i barnehagen i fleire år. Det siste året bør derfor by på litt andre opplevingar enn dei forrige åra. Barna vil i større grad få utfordringar som går på mestring og sjølvstendighet, få stimulert «kunnskapstørsten» sin og ha nokre aktivitetar som kun er for dei eldste. Å vera størst i barnehagen er kjekt, og det vil vi at dei skal få oppleve! Ei av dei viktigaste oppgåvene våre er å gjera barna trygge, skapa positive forventningar til skulen, og skapa eit godt fellesskap mellom barna.

Måla er:

1. Å verta godt førebudde både sosialt og fagleg til skulestart.
2. Å verta kjende med skulen, lærar, faddar og rutinar på skulen.

Vi startar vi 6 årsklubb for dei eldste på hausten.

I klubben har vi fokus både på **social kompetanse** som trygghet, fellesskap, vennskap og samarbeid og på **fagleg kompetanse** som språk, motorikk, matte/begrepstrening. De vil få meir info på månedsplanane om tema og aktivitetane.



Skulestart er ein stor overgang for alle barn.

Dei fleste barna ser fram til å begynna i 1.klasse med spent forventning.

Men for nokre vil det også vera skummelt og utfordrande.

Derfor er det viktig at både barnehagen og foreldre er med og snakkar positivt og forventningsfylt om det å begynna på skulen.

**ÅRSJUL FOR OVERGANG
FRÅ UNDHEIM BARNEHAGE TIL UNDHEIM SKULE**



Tidspunkt	Aktivitet	Ansvar
Hausten 2 år før skulestart	Ta kontakt med skulen for barn med store hjelpebehov	Styrrar
Oktober	Besøk av 1.klasse i barnehagen	Styrrar Ped.leiar
Oktober/ November	Ta kontakt med skulen for barn med særskilde behov (enkeltvedtak)	Styrrar
November	Brev heim til foreldre for registrering	Rektor
Januar/Februar	Samarbeidsmøte med skulen og avtale skule besøka for våren	Styrrar
Mars/april/mai	Skulestartarane går på Bli-kjent-besøk i 1.klasse Faddarbesøk / 5.kl i barnehagen og på skulen	Styrrar Ped.leiar Lærar
Mai / Juni	Overføringsmøte mellom barnehagen og skulen	Styrrar
Mai / Juni	« Førskuledag » for alle som skal begynna i 1.klasse	Rektor Lærar

INFORMASJONSHEFTE

BARNA:

Frå 15.august har vi totalt 53 barn i alderen 1 - 5 år. (3 nye småbarn begynner i des)

5 barn født i 2020 8 barn født i 2019 = 13 småbarn
14 b født i 2018 13 b født i 2017 13 b født i 2016 = 40 store barn

PRIMÆRKONTAKT

Alle nye barn får ein primærkontakt.

Denne vaksne er spesielt viktig for barnet i oppstartfasen og skal hjelpe det å verta trygg og finna seg godt tilrette her. Vi deler dagleg i smågrupper, og då har alle i personalgruppa ansvar for ei gruppe med barn / primær barn.

OVERSIKT OVER AVDELINGANE / GRUPPENE

Blå avd 9 barn 1 og 2 år	Ped.leiarar: Fagarb/ass	Marianne Dysjaland Undheim og Wenche H Haavardsholm Tone Herikstad Østborg og Marianne Ravndal
Gul avd 14 b 3 og 2 år	Ped.leiarar: Fagarb/ass	Sissel Hole Paulsen Rita Vigdel Søyland, Dagrund Nedrebø og Oddrun Sveinsvoll
Rød gard 19 barn 3 og 4 år	Ped.leiar Fagarb/ass	Synnøve Mehling Gauksås og Johanne Dahlstrøm Aanestad Anne Reiersen Undheim og Jartrud Gudmestad Undheim
Grøn gard 13 barn 5 år	Ped.leiarar: Fagarb/ass	Lillian Kindervåg Vestvik og Johanne Dahlstrøm Aanestad Johanne Steinsland, Oddrun Sveinsvoll
	Andre	Ragnhild F Tjåland, spes.ped Suada Gastan <u>Suada Gastan, spesialpedagog frå kommunen</u>
	Vikarar	Kristine Tjåland Hersdal, Kornelia Gauksås, Anne Sofie Skretting, Åslaug Aandal Natland
	Styrar / adm	Rut Moi Lunde

formaterte: Svensk (Sverige)

DAGSRYTMEN

KL	Aktivitet
07.00	Barnehagen åpner. God morgen !
07.00 - 8.00	Blå / Gul avd: Frukost på avd etter behov frå eigen matboks Leik på avdelingane
07.00 - 8.00	Rød/Grøn avd: Frukost etter behov frå eigen matboks Leik på avdelingane og fellesromma
09.00-10.30	Blå / Gul avd: Samling, leik ute, turar, ulike aktivitetar
09.15-11.15	Rød/Grøn avd: Morgensamling, ulike aktivitetar inne, turar,gym m.m.
10.30	Blå / Gul avd: Hovedmåltid / Lunsj: brød,div.pålegg,frukt. Iblant varm mat - sjå eigen lunsjplan
11.15	Rød/Grøn avd: Hovedmåltid / Lunsj: brød, div.pålegg,frukt. Iblant varm mat - sjå eigen lunsjplan
11.30-14.00	Blå / Gul avd: Sove-og kviletid etter behov, ute i vogn
11.45	Rød/Grøn avd: Påkledning og uteleik
13.30	Blå / Gul avd: Mellemad, inkl frukt/grønt
14.00	Rød/Grøn avd: Mellemad, ink frukt/grønt
14.00-16.30	Alle Leik og aktivitetar inne og ute
16.30	Barnehagen stenger. Takk for i dag !

FADDERBARNA VÅRE

Vi har 2 fadderbarn gjennom Strømmestiftelsen, dei bur i Uganda.

Layla, ho er født 3.jan 2011, og Latif, han er født 28.juni 2010.

I forbindelse med FN-dagen 24.okt., arrangerar vi FN kafe / loppemarked, sel kaker, bollar, kaffi, saft.....Pengane vi får inn, går til fadderbarna våre.

I forkant av dette arrangementet, lærar barna om fadderbarna og Uganda, og om andre barn i andre land.

KRISTEN FORMÅLSPARAGRAF.

Vi har utvida kristen formålsparagraf. Vi har bibelfortellingar /kristen samling 2 g pr måned. Det er bibelfortellingar frå det gamle testamentet, eks: om Skapinga, om Noa, og frå det nye testamentet, eks : Den barmhjertige samaritanen, om Sakkeus.

De vil finna på månedsplanen kva som er tema for kvar samling.

Vi syng bordvers kvar dag, og syng ellers kristne barnesangar på lik linje med andre barnesangar. Vi har om dei ulike høgtidene. Vi går på julevandring i Undheim kyrkje med 4- og 5-åringane i desember.

Vi får besøk eit par gonger pr halvår av prest / barne og ungdomsarbeidar her i barnehagen , dei har bibelsamling for rød og grøn avd.



DEI VANSKELEGE DAGANE

Barnehagen har ein handlingsplan ved alvorlege ulykker og dødsfall blant barn, foreldre og personal.

Ved langvarig sjukdom hjå barn / barnet sin nære familie:

Vi held kontakten ved å senda /levera helsingar, teikningar og brev frå barnehagen.

Ved dødsfall i barnet sin nære familie:

Vi markerer dette med lystenning. Ein vaksen fortel om det som har skjedd i nær forståing med heimen. Vi er vare for barna sine tankar, kjensler og reaksjonar.

Vi sender blommar til heimen.

BOKA MI

Kvart barn lagar si eiga bok, som vi kallar Boka mi. Denne boka er i barnehagen og er eit viktig bindeledd mellom heimen og barnehagen. Vi går gjennom alle sine bøker , og vert på den måten kjende med kvarandre sine bøker/familiar.

PRAKTISKE OPPLYSNINGAR

Åpningstida : 7.00 - 16.30.

Opphaldstida: inntil 9 timar pr dag

Frammøte, levering og henting:

Barnet skal som hovudregel leverast og hentast av foreldre.

Sei ifrå om andre skal gjera det. **NB : Husk å alltid lukke porten !**

Når barnet vert levert og henta, vert det kryssa inn og ut i ei bok av oss.

Derfor er det viktig at de alltid seier ifrå til oss når de leverer og hentar.

Måltid og mat:

Alle får 2 måltid, hovedmåltid midt på dagen m/brød, melk og frukt og mellemad.

Avdelingane/gruppene lagar 1 «varm lunsj» i veka

Barn som skal eta frukost i barnehagen, må ta med mat sjølv, men får drikka her.

Klede og fottøy:

Ha alltid innesko og skift liggjande her. Det er viktig med gode klede til alle årstider og til all slag ver ! Hugs å merke klede og sko med barnet sitt navn.

Fødselsdagar:

Vi feirer barna sine fødselsdagar. Vi flagar og lagar krone til dei.

Den som fyller år, vert dagens midtpunkt: får konge eller dronning kappe på under samlinga, får velja sang eller eventyr e.l og får velja lunsjmenyen.

Håndvask om morgonen: vask barna sine hender før dei går inn på avd.

Sjukdom og fråver:

Gje alltid beskjed dersom barnet er sjukt eller har fri ein dag.

Barnet må vera heime ved sjukdom og smittefare , 48 t ved diare og oppkast.

Medisin:

Dersom barnet skal ta legemiddel i barnehagen, må de foreldre inngå ein skriftleg avtale med oss om det.

Ved vanlege barnesjukdomar, vert alle varsla med oppslag på foreldretavla i garderoben, eller ved direkte muntleg beskjed når de leverer/hentar.

Plakat frå Folkehelsa : "Syke barn og barnehagar" heng til oppslag i fingard

Ved alvorlege smittsame sjukdomar blant barn eller vaksne, har vi eit varslings-system som varslar alle pr.telefon. Styrar er ansvarleg for varslinga.

Teieplikt :

Alle tilsette skriv under på teieplikta, også vikarar og studentar.

Alle medlemmane i SU har også teieplikt.

Opplysningsplikt: Vi har opplysningsplikt til barnevernet.

Forsikring/ansvar :

Barna er ulykkesforsikra den tida dei er i barnehagen, på turar arrangert av oss og på direkte veg til og frå barnehagen.

Brannøving : Vi har brannøving 2 g pr år, 1 kvar haust og vår

Fridag= når de ringjer same dag. **Feriedag=** når de gjer beskjed seinast 1 dag før.

